

Imponerande cd frå koret vårt

25.11.2011



Røysterett for alle reknar vi som vårt kor og vi er difor mektig stolte når koret no har sluppe ut sin imponerande cd etter intens jobbing i fleire dagar i Rosendal.

Der skal dei også syngja saman med 2 andre kor i morgen kveld, så her er det god timing. 24 songar har fått plass på cd-en og repertoaret har stor spennvidde, frå salmar og folkeviser til Beatles. Så er da også Frå låvedør til Liverpool den svært slåande titelen.

Røysterett for alle har presentert seg grundig gjennom denne cd-en, men det må leggast til at koret har hatt god hjelp av fleire.

Musikarane Frode Kaldestad, Ove Eikemo og Jan Arthur Kalsaas har vore ein solid ryggrad og solistane Tiril Eirunn Einarsdotter (dirigent Maria Malmsten si dotter) og Aleksander Rebaudo (Uskedalen) har markert seg med fiolin og song. Ei solistrolle har også korets eigen Svein Rimestad i den vakre Kvannsanketid som

han sjølv har omsett og som naturleg avsluttar cd-en. Oddbjørg Bjørke
er solist i Vuggevise.

Det er ellers naturleg at koret i denne omgangen syng det dei har sunge mest
og difor er det til dømes 4 Beatles-låtar med. Men det er også
fleire eom egnar seg godt i ei juletid og for eigen del vil vi også setta ein
stor strek under Jul, jul som bør inn på repertoaret til fleire.
Og Aleksander er ein lovande songar!

Fornyinga er kanskje ikkje så stor på cd-en, men dette er vel
først og framst meint som ein presentasjon av prestasjonane så langt.
Og dei er i sannheit imponerande.

Omslaget frå bygdetunet er eit vakkert fotografisk arbeid
av Hans Ordin Østebø. Det knyter koret endå fastare til
Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen